



# Vurdering for utvikling

## Brekke barnehage



*Veke 48, 23.-26.11 2020*

***“I barnehagen skal språket vekse!”***

*Brekke 26.11.2020:*

Sidsel Anita E. Itland  
*Vurderar*

Gøril Fristad  
*Vurderar*

Siv Anita Gudvangen  
*Hospitant*

## Innhold:

1. Føreord	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema	4
4. Frå vurdering til endring av praksis	5
5. Framtidsbilete	6
6. Vurderingar	7
Kvalitetsmål: Borna opplever språkleg mangfald i barnehagen	7
Kvalitetsmål: Tilsette er språkleg aktive, allsidige og engasjerte	9
Kvalitetsmål: Foreldra opplever at språket blir tatt på alvor i barnehagen	12
Kvalitetsmål: Barnehagen legg til rette for språkleg mangfald, språkstimulering og oppfølging (internt og eksternt)	14
7. Spørsmål til refleksjon	17
8. Vidare arbeid	18
Vedlegg:	20
Deltakarar i vurderinga	20
Tidsbruk	20
Metodar	21
Samtaleguidar og skjema	21

# 1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærarar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

*«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».*

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

*«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen».*

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: [www.hafs.no](http://www.hafs.no) om lag ein månad etter vurderinga.

November 2020

Gøril Fristad

Utviklingsleiar for barnehage og skule  
Oppvekst og utdanning i HAFS  
Mobil: 92641210  
E-post: [goril.fristad@fjaler.kommune.no](mailto:goril.fristad@fjaler.kommune.no)

## 2. Oppsummering

I Brekke barnehage møter orda oss i døra. Barn snakkar med kvarandre og tilsette snakkar med barna. Tilsette har ei forskande innstilling og ei lyttande haldning til barna, og set samtalanane i gang hos barna. Barna er hjelpsame, høflege mot kvarandre og gjer gode ting for kvarandre. Barnehagen ber preg av god takhøgde og omtanke for kvarandre. Vi ser glede og humor i alle situasjonar, og språket går inn som ein del av heilskapen.

Slik vi ser det, ligg Brekke barnehage si utfordring mest i korleis dei kan systematisere utviklingsarbeidet slik at alt heng saman med kvarandre. Språkarbeidet i barnehagen kan tydelegare visualiserast både for barna, tilsette og foreldre.

For å få foreldre og barnehagen til å samarbeide om utviklingsområdet blir det viktig å gje foreldre god og konkret informasjon, slik at foreldra kan støtte opp om ord, omgrep og tema heime. Tida til den gode samtalen er avhengig av at det er nok vaksne på jobb, ellers går tida vekk til praktiske gjeremål. Dette har dei klart å få til i Brekke barnehage.

## 3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema

Brekke barnehage er ein barnehage med to avdelingar med 24 barn og 30 plassar, som ligg i Brekke i Gulen kommune. Barnehagen og skulen vart samlokalisert i 1997 og har hatt felles leing og administrasjon sidan 2004. Administrasjonen er samansett av einingsleiar (rektor/styrar) og nestleiar (pedleiar) og kontorfullmektig. Det er for tida tilsett 4 pedagogar, 4 fagarbeidarar og 3 assistentar i barnehagen. På skulen er det 61 elevar, 13 pedagogar og 3 fagarbeidarar. Barnehagen og skulen har felles uteområde. I tillegg brukar barnehagen gymsalen og biblioteket.

Brekke barnehage og skule sin felles visjon er trivsel- helse- læring. Det betyr at dei vaksne må sjå heile barnet, både fagleg og sosialt. Barna skal oppleve ei tydeleg vaksenrolle og alle, både i barnehage og på skulen, skal fokusere på respekt for kvarandre. Grunnleggande behov som trivsel og helse må tilfredstillast for at barna skal kunne utvikle seg og tileigne seg kunnskap.

Barnehagen har «Meg sjølv og nærområdet mitt» som hovudtema i 2020/2021. Satsningsområdet er kommunikasjon, språk og tekst. Mål for barnehageverksemda er å gje gode utviklings- og aktivitetsmogelegheiter, slik at barna kan tileigne seg både fagleg og sosial kompetanse i løpet av barnehagetida si.

Me har valgt «I barnehagen skal språket vekse!» som tema for vurdering. Bakgrunnen til dette er at me har ein del barn med fleire språk, og at me ser behovet i barnegruppa for å gje dei ein god omgrepspakke, slik at dei vel å bruke ord, og ikkje

berre lydar i leiken og kommunikasjonen mellom seg. Me ynskjer å utvikle oss vidare i dette, og få nye innspel på korleis me kan utvikle oss.

## 4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehagevurdering er eit verkty for å hjelpe barnehagen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til barnehagen for å observera og snakka med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velje område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehageeigaren og regionen.

Meir om ekstern barnehagevurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)



## 5. Framtidsbilete

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine eigne planar. Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
<p><b>Barna opplever språkleg mangfald i barnehagen</b></p> <p>MANGFALD - VEKST</p> <p>Barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståing og språkkompetanse. (Rammeplanen s.48)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Barna opplever gode samtalar i leik og aktivitet</li> <li>- Barna opplever humor og glede gjennom språket</li> <li>- Barna syner respekt for andre som snakkar, meistrer turtaking og lytter til andre</li> <li>- Barna brukar språk i konfliktløysing</li> </ul>
<p><b>Tilsette er språkleg aktive, allsidige og engasjerte</b></p> <p>AKTIVE VAKSNE</p> <p>Personalet skal invitere til utforsking av både munnleg og skriftleg språk (Rammeplanen s.47)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilsette brukar ord og uttrykk aktivt i alle situasjonar, setjer ord på det vi gjer, ser og tenkjer</li> <li>- Tilsette brukar bøker, forteljing, song, rim og regler dagleg</li> <li>- Tilsette brukar konkretar som språkleg støtte</li> <li>- Tilsette er språklege førebilete</li> <li>- Tilsette støttar og rettleier i konflikter</li> </ul>
<p><b>Barnehagen legg til rette for språkleg mangfald, språkstimulering og oppfølging (internt og eksternt)</b></p> <p>KOMPETANSEUTVIKLING OG KOMMUNIKASJON UTAD</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Barnehagen er open for språkleg mangfald, med tanke på tilsetjing, språkpraksis osv.</li> <li>- Barnehagen legg til rette for kompetanseheving</li> <li>- Barnehagen set av tid, rom og ressursar til språkstimulering</li> <li>- Barnehagen samarbeider med eksterne instanser</li> <li>- Det syner att i planverk at barnehagen jobbar med språksatsing</li> </ul>

<p><b>Foreldra opplever at språket blir tatt på alvor i barnehagen</b></p> <p>SAMARBEID</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Barnas språkutvikling er tema på foreldremøte og foreldresamtalar</li> <li>- Foreldre og tilsette samarbeider i arbeidet med språkleg mangfald</li> <li>- Dersom foreldre eller barnehagen er bekymra for barnets språkutvikling, blir dette løfta vidare til eit eventuelt samarbeid med eksternt hjelpeapparat</li> </ul>
---	--

## 6.Vurderingar

### Kvalitetsmål: Borna opplever språkleg mangfald i barnehagen

#### 1. Teikn på god praksis: Borna opplever gode samtalar i leik og aktivitet

God praksis:

Vi observerer at dei tilsette er gode på å samtale med barna. Barna får forklart kva som skal skje og det vert satt ord på det som skjer rundt dei. Barna får hjelp til å finne det "rette" ordet om barna står fast, eller kan verke til å ikkje kunne ordet på norsk. Dei tilsette undrar seg saman med barna ved at dei stiller opne spørsmål som barna svarer på. I samhandling mellom barna ser vi at barna er høflege mot kvarandre og vil kvarandre vel ved å gje ting til kvarandre.

Vi ser at barna tar del i gode samtalar med dei tilsette ved at barna fortel ivrig, og smiler og ler når dei snakkar med dei tilsette. Barna set ord på ulike aktivitetar dei har gjort saman med andre barn og tilsette. Eit døme på dette er halloween. Barna snakkar om at dei var utkledd, kva dei åt, m.m.

Vi ser og høyrer at dei tilsette er opptatt av å ta utgangspunkt i barna sine interesser i samtalanane.

I både inne- og uteleik på småbarnsavdelinga ser vi at barna er i nære og gode samtalar med dei tilsette. Enten ein til ein, der tilsette set ord på det som skjer og barna kjem med eigne innspel, eller i gruppe som ved samlingsstund og måltid. Dette støttar også opp under lokal plan for fagområda, der det står at "barna skal vere språkleg delaktige i samlingsstunder og andre aktivitetar". På Soria Moria ser vi at dei vaksne tar seg tid til å samtale ein til ein med barna både på tur, ved bordaktivitetar, under måltid, under påkledning og i frileik. Vi ser òg at barn har gode samtalar i leik og konstruksjon, der den tilsette knyter samtalen saman og kjem med innspel for å halde den i gang.

## *2. Teikn på god praksis : Barna opplever humor og glede gjennom språket*

God praksis:

Vi har observert at barna vert møtt av tilsette som ler og viser glede saman med barna. Dei tilsette syng songar som inkluderer kor barna kjem frå, dei tilsette bruker tullenamn, og lagar samlingsstunder med aktivitetar som gjev glede og spenning for barna. Barna bruker sjølv språket til å tulle, og får andre barn og tilsette til å le saman med dei. Barna er glade i, og flinke til, å synge, og dei viser mykje glede i å få delta aktivt i songstunder. Det er ulikt kor godt barna skjønner humor, men dei tilsette tek utgangspunkt i det som barna seier, og skaper eit felles utgangspunkt i dette.

I leik bruker barna gjerne tulleord som gjev dei masse latter og tull ilag med andre barn. Dei synest det er spesielt morsomt med eigne ord som ikkje dei vaksne veit kva tyder.

I intervju seier og viser barna at dei bruker humor kring omgrep som bæsje/promp, samt ved å rime. Dei tilsette legg vekt på at dei liker og tulle og tøyse saman med barna, både med rim og regler og i dagleglivet. Vi observerer at barna prater og ler saman med andre barn. Dei uttrykker at noko av det som er fint med barnehagen er at dei får leike saman med andre barn.

I intervju seier dei tilsette også at barna viser glede ved å fortelje dei andre barna og vaksne om kva dei har opplevd i helga, eller dagen før då dei kom heim.

Barna spør og legg merke til ulikheiter i dialektar. Vi har høyrte at dei snakkar om korleis ulike personar i barnehagen brukar “bøk” eller “bok”, “graut” eller “grøt” og “ku” og “kyr”.

Praksis som kan bli betre:

Ein kan ha eit enno meir bevisst fokus på bruk av humor og glede ved bruk av rim og regler, til dømes ved å konkretisere utvalde rim og regler i månadsplanar.

## *3. Teikn på god praksis : Barna syner respekt for andre som snakkar, meistrer turtaking og lytter til andre*

God praksis:

Barna seier i intervju at dei likar best å snakke sjølve. Ein skal snakke ein og ein, seier barna. I samlingsstund øver barna seg på å lytte til kven som har ordet. Dei øver også på å gjenfortelje innhaldet i ei historie.

Barna viser at dei ventar på tur ved og rekke opp handa. I matsituasjonar observerer vi at barna øver turtaking ved å vente på tur. Dette skjer også ved håndvask (stå i



kø), i samlingsstund og under ulike aktivitetar, som t.d. vente på kven det er sin tur til å sage i skogen.

I leik på Soria Moria ser og høyrer vi at barna byter på å komme med forslag i leiken. Barna kjem med kvar sine innspel til innhald i leiken, og dei samarbeider om praktiske oppgåver. Dei største barna gjer dette i stor grad verbalt. Vi observerer også at barna lytter til dei andre barna og syner takksemd når andre barn deler med dei (t.d granbusk og rekvisita i leiken).

Praksis som kan bli betre:

Vi har observert barn som ikkje alltid syner respekt for andre barn. Det har vore ei stor endring i gruppesamansetjinga denne hausten, der det er mange nye yngre barn på storbarnsgruppa og fleire har begynt på skulen. Dette gjer noko med gruppedynamikken. Å øve turtaking, respekt og lytting kan vere vanskeleg å gjennomføre i full gruppe og i situasjonar der øvinga ikkje skjer i praktiske handlingar og konkrete aktivitetar. Det blir viktig for dei tilsette å vere tettare på, også i dei aldersgruppene som er kjende med avdelinga.

#### *4. Teikn på god praksis : Barna brukar språk i konfliktløsning*

God praksis:

Vi ser at barna søker vaksne i konfliktløsning. Både på små- og storbarnsavdelinga går barna til den vaksne og forklarar kva som er utfordringa. Barna har lært at dei kan nytte språket til å forklare kva dei opplever som vanskeleg, og korleis dei kan nytte språket til å få løyst konflikten. Dei tilsette seier også i intervju at dei har lært barna desse strategiane: "Det handlar om kor mykje verbalt språk dei har. Vi prøver å gå inn i situasjonane. Det går ikkje an å ta det på førehand, ein må ta det der og då og øve i situasjonen" (sitat frå intervju).

#### **Kvalitetsmål: Tilsette er språkleg aktive, allsidige og engasjerte**

- 1. Teikn på god praksis: Tilsette brukar ord og uttrykk aktivt i alle situasjonar, set ord på det vi gjer, ser og tenkjer (obs på det non-verbale)*

God praksis:

"Vi brukar språk og tekst bevisst i alle situasjonar i barnehagen" (årsplanen, s. 3). Vi ser og høyrer tilsette som set ord på det dei gjer, og det barna gjer, gjennom heile dagen. Dei stiller spørsmål som gjev barna høve til sjølv å finne svar på det dei lurar på. Barna fortel at dei vaksne snakkar med dei når dei er ilag med barna, dei rettleiar i åtferd og leikar med barna. Tilsette fortel i intervju at dei er svært opptatt av å lese

kroppsspråk, at det går hand i hand med det verbale språket. Dette ser vi òg under observasjonar i barnegruppene. I intervju kjem det fram at heile personalgruppa er opptatt av å utvide språket til barna og gje dei nye ord. "Dei spør ofte sjølv - gje dei svar på det dei lurar på. Men òg dei som ikkje spør - gje dei nye uttrykk, så dei kan få utvide ordforrådet sitt" (sitat, tilsettintervju).

Vi har også observert at dei tilsette er flinke til å lese barn som er tidleg i språkutviklinga, og til å setje ord på det barna uttrykker.

Tilsette fortel at det har vore tema at det er lurt å setje ord på alt, både på kurs og møter. Barna fortel om nye ord dei har lært, og vi høyrer avansert språk både på avdeling for små barn og store barn. Barnehagen nyttar BRAVO-leiken som verktøy, og både barn og tilsette uttrykker glede av dette.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen kan med fordel synleggjere korleis dei jobbar, kva dei jobbar med og kvifor, både i lokala og ut til foreldra. Ord og songar, regler og korte forteljingar kan godt syne att på veggane på dei språka som er representert i barnegruppa på begge avdelingane.

## *2. Teikn på god praksis: Tilsette brukar bøker, forteljing, song, rim og regler dagleg*

God praksis:

Barna fortel at dei likar å bli lest for. Det er sett av tid til lesegrupper på vekestrukturen i månadsplanen. Vi høyrer spontan song frå både barn og tilsette, og foreldre fortel at dei høyrer att songar heime. Vi høyrer på barneintervjua at barna kan rime. Barna seier at dei tilsette ikkje fortel historier, men dette høyrer vi at dei gjer. Barnehagen set av plantid for samling/aktivitet for alle i personalgruppa slik at dei kan vere førebudde med konkretar når dei skal lese/ha samling eller andre aktivitetar.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen har ein lokal plan for fagområda i rammeplanen og i årsplanen står det og litt om kva dei tenkjer dei ulike aldersgruppene skal lære og erfare i løpet av tida i Brekke barnehage. Barnehagen kan med fordel både kome fram til kva for bøker, songar, rim og regler dei ønsker at barna skal få med seg og kommunisere dette ut til foreldra slik at dei har høve til å følgje med og følgje opp.

Dei tilsette kan òg tydeleggjere for barna kva som er forskjell på rim og regler. Det var ingen barn som kunne fortelje om ei regle dei kunne, men dei kunne mange rim, mange songar og titlar på mange bøker.

### *3. Teikn på god praksis: Tilsette brukar konkretar som språkleg støtte*

God praksis:

Småbarnsavdelinga nyttar konkretar til det meste dei gjer. Dei tilsette forklarar det med at dei minste ofte har lite verbalt språk, i tillegg brukar fleire av barna meir enn eitt språk heime. Dei tilsette nyttar bilete av mat som vert servert, slik at barna kan peike på det dei ønsker. Vi har også høyrte at tilsette har brukt desse konkreta til å seie orda på både på norsk og på barnet sitt morsmål. Dette er ei god støtte i språkutviklinga. Begge avdelingane nyttar songkort med foto/bilete. Dei vert og nytta som eit grunnlag for undring og samtale om det som er på biletet.

Vi har sett at dei tilsette også nyttar konkretar som støtte i samlingsstund.

Praksis som kan bli betre:

Storbarnsavdelinga kan med fordel gjere meir visuelt ut av det dei skal formidle. Fleire og meir varierte konkretar kan nyttast i samling, i aktivitetar m.m. Dokumentasjon av språkarbeidet kan godt gjerast synleg i romma for barna, og nyttast i samtalar i etterkant.

Avdelinga for store barn har god plass og fleire rom. Kanskje kan fleire av desse romma utnyttast betre til språkstimulering?

### *4. Teikn på god praksis: Tilsette er språklege førebilete*

God praksis:

Vi har sett fleire døme der tilsette både modellerer korleis barna kan spørje og seie ifrå, og mange døme på at dei vaksne er rollemodellar barna tek etter. Barna fortel at dei tilsette fortel korleis ein skal snakke til kvarandre. Barna har ein høfleg tone, dei deler, seier takk og gjer gode handlingar for kvarandre. Barna syner i stor grad respekt for både barn og vaksne sin ulikskap. Foreldre fortel også at "vi får høyre heime kva vi ikkje skal seie" (sitat foreldremøtet), og meiner det er positivt at barna lærer seg respekt for andre, og korleis dei skal snakke.

## 5. *Teikn på god praksis: Tilsette støttar og rettleiar i konflikhtar*

God praksis:

Vi har sett få konflikhtar i vurderingsveka. Dei tilsette er opptatt av å vere på forskot, og rettleiar i tilløpet til konflikt, eller før det vert ein konfliktsituasjon. Vi har sett fleire gode døme på tilsette som guidar barn gjennom usemje.

Tilsette legg vekt på å gje barna verktøy dei kan bruke sjølve og gje dei rom til å finne løysingar. Dei legg fram ulike alternativ og snakkar om desse. Dei er bevisst på at barna treng ulike type støtte ut frå kva konflikten dreier seg om, og kor langt dei er komne i eiga utvikling. "Vi set ord på det. Av og til ser vi at dei klarar konflikten sjølv, av og til må vi hoppe inn med ein gong, og av og til støttar vi dei etter kvart. Du må lære dei å prøve å finne ei løysing" (sitat tilsettintervju).

Barna seier også at dei vaksne hjelper til når dei er ueinige eller sinte på kvarandre. Nokre av foreldra seier at barna fortel heime om korleis dei bør snakke, og at dei tilsette seier "no må du hugse å bruke ord".

Praksis som kan bli betre:

Foreldre uttrykker ulike erfaringar i korleis dei tilsette arbeider med konflikthandtering. Nokre får høyre att heime korleis barna får rettleiing, nokre får høyre det på foreldresamtalar, og nokre har ikkje høyrte det. Her kan barnehagen verte tydelegare i informasjon og kommunikasjon med foreldra om korleis dei arbeider med nettopp konflikthandtering, og gjerne invitere foreldre til å jobbe saman med barnehagen.

Tilsette seier i intervju at dei kan tenkje seg meir kompetanse på dette området.

### **Kvalitetsmål: Foreldra opplever at språket blir tatt på alvor i barnehagen**

#### *1. Teikn på god praksis: Barnas språkutvikling er tema på foreldremøte og foreldresamtalar.*

God praksis:

Både foreldre og tilsette fortel at barnet si språkutvikling er tema på foreldresamtalane.

Praksis som kan bli betre:

Det har blitt gjeve noko informasjon om BRAVO-leiken på foreldremøte. Det kunne med fordel ha blitt informert meir om den eksterne vurderinga, og at språkutvikling er

er barnehagen sitt utviklingsområde. Generell språkutvikling er eit tema som foreldre bør få kunnskap om.

*2. Teikn på god praksis: Foreldre og tilsette samarbeider i arbeidet med språkleg mangfald.*

God praksis:

Tilsette fortel at dei nyttar foreldra sin morsmålsbakgrunn til å skrive ord og tal på dei språka som er representert i barnegruppa. Både tilsette og foreldre seier det er positivt at det er tospråklege tilsette i barnehagen, slik at både barn og foreldre kan møte morsmålet i barnehagen. Tilsette er tydelege på at det er viktig at barna kan morsmålet sitt godt som eit grunnlag for å lære norsk.

No i koronatida vert det mindre kommunikasjon i hente- og bringesituasjonen, og foreldra vert oppfordra til sende melding og ringe om dei har noko dei lurar på eller vil drøfte.

Praksis som kan bli betre:

Det er uklart for foreldra kva som ligg i språkleg mangfald. Nokre foreldre seier at dei ser på det som todelt, at det både handlar om ordforråd, språk og dialektar, andre seier at det dreier seg om ulike språk, og nokon at det handlar om eit rikt ordforråd. Tilsette som gruppe er heller ikkje heilt klare på kva dei legg i dette. Barnehagen kan med fordel klargjere omgrepet, både for seg sjølv og for foreldra.

Foreldre melder òg at dei kunne vore meir med og medverka. Nokre seier også at det ikkje vert lagt opp til medverknad. Tilsette fortel at foreldra kjem med få innspel til korleis dei arbeider, men at terskelen er lav for å kome med andre innspel og spørsmål.

Foreldre meiner dei kan støtte barnehagen betre i arbeidet med språkutviklinga dersom dei får meir informasjon om kva barnehagen held på med, kva songar dei syng, bøker dei les m.m. Dei vil gjerne ha tips om kva dei kan gjere heime for å medverke.

*3. Teikn på god praksis: Dersom foreldre eller barnehagen er bekymra for barnets språkutvikling, blir dette løfta vidare til eit eventuelt samarbeid med eksternt hjelpeapparat.*

God praksis:

Barnehagen har eit godt samarbeid med helsesjukepleiar. Tilsette fortel at barnehagen tek tak i det som kjem fram, og alle tilsette er klar over saksgangen.

Foreldra vi snakka med fortel at dei veit at det berre er å komme med det dei lurar på, og reknar med at det vert tatt vidare.

Praksis som kan bli betre:

Ikkje alle foreldra opplever at tiltak kjem fort nok i gang, det kan til dømes ta tid før logoped er på plass. Tilsette fortel at dei får opplegg dei skal følgje av logoped, men manglar kompetanse til å kunne vurdere om dei gjer det rett eller godt nok.

### **Kvalitetsmål: Barnehagen legg til rette for språkleg mangfald, språkstimulering og oppfølging (internt og eksternt)**

- 1. Teikn på god praksis: Barnehagen er open for språkleg mangfald, med tanke på tilsetjing, språkpraksis osv.*

God praksis:

Vi har sett og høyrte om at barnehagen utnyttar moglegheita dei har med fleirspråkelege tilsette på ein god måte. Alle vi har snakka med seier at dette er ein stor ressurs og verdi for barnehagen. Det gjer at både barn og foreldre kan gjere seg forstått og barnehagen kan vere tryggare på at foreldra får den informasjonen dei treng. Barnehagen har tradisjon for å ha personar i språkpraksis, og ser både høvet dette gjev den enkelte til å lære seg det norske språket betre, men også korleis barnehagen kan få tilbake kompetanse om ulike kulturar, tradisjonar og språk.

Vi har også høyrte at barnehagen samarbeider med tilsette i skulen eller på andre arenaer dersom dei har behov for å få kompetanse eller hjelp i andre språk. Barnehagen ser det som ein stor verdi å ha tilsette som kan bruke fleire språk. Dei tilsette har lært seg enkle ord og fraser på språk som er representert i barnegruppa. Dei seier også at dei vil lære seg songar på dei ulike morsmåla.

- 2. Teikn på god praksis: Barnehagen legg til rette for kompetanseheving*

God praksis:

Vi har høyrte frå tilsette og leiing at barnehagen har jobba med språk som utviklingsområde i ein lang periode. Dei har brukt språkløyper og BRAVO, og hatt det som tema på fagdagar og panleggingsdagar. HAFS har også hatt dette som satsing.

Vurderingstemaet er ei vidareføring av dette arbeidet, og barnehagen ønsker meir felles kompetanseheving innanfor ulike tema/delar av språkleg mangfald. Både tilsette og leiing seier at tilsette får gå på dei kursa dei har lyst til. Dersom ein kjem

med ei tydeleg bestilling, har ein erfaring med at barnehageeigar også legg til rette for kompetanseheving.

Praksis som kan bli betre:

Det er noko utydeleg kva for kompetanse ein ønsker, og barnehagen kan med fordel gjere ei kartlegging som tydeleggjer dette. Rapporten etter ekstern vurdering kan vere ei slik kartlegging. Både dei tilsette og leiing ønsker at kompetansehevinga skal skje i fellesskap.

### *3. Teikn på god praksis: Barnehagen set av tid, rom og ressursar til språkstimulering*

God praksis:

Leiinga er tydelege på at dei legg til rette for språkstimulering gjennom å prioritere å få nok ressursar inn på avdeling. For å kunne drive med utviklingsarbeid må ein ha nok vaksne i forhold til barn, ellers er det vanskeleg å drive med utvikling.

Vi har høyrte at fagarbeidarar får plantid til å førebu samlingsstund eller aktivitetar. Slik involverer barnehagen fleire tilsette i det planlagte arbeidet med språkutvikling.

Barna seier sjølv at dei kan fleire språk, og vi har sett plakatar med tal på ulike språk på Tommeliten.

Praksis som kan bli betre:

Dersom planverket er tydelegare på kva ein skal bruke av verktøy i språkstimuleringa, når og kor lenge det skal gjerast, og kven som skal gjere det, vil det vere lettare for barnehagen å arbeide med språkstimulering, også når ein har mindre ressursar i forhold til bemanning.

### *4. Teikn på god praksis: Barnehagen samarbeider med eksterne instansar*

God praksis:

Barnehagen samarbeider med PPT, barnevern, helsestasjon og oppvekstteam (tidlegare KLAFF), og alle tilsette kjenner til korleis prosessen med ei bekymring vert tatt vidare. Barnehagen har eit tett samarbeid med helsestasjonen, og bekymring rundt språk vert ofte tatt frå helsestasjon til barnehagen, med tillatelse frå føresette. Helsestasjonen er også med på pedagogiske leiarmøte eit par gangar i året.

Dei tilsette seier at samarbeidet fungerer som ein plass å få lufta ting, der ein får høve til å drøfte utfordringar ein har med personar med ein annan fagbakgrunn.

Barnehagen får ikkje nødvendigvis tiltak eller løysing, men dei tilsette ser at refleksjonane set i sving tankar som gjer at løysinga kjem av seg sjølv undervegs i prosessen.

Praksis som kan bli betre:

Prosesen med å få i gang samarbeid med ekstern hjelpeapparat kan ta lang tid. Barnehagen er bevisst at dei ikkje skal vente for lenge før dei melder bekymring, men må også ta høgde for at barn har ulik utviklingskurve.

Vi har høyrte at barnehagen gjerne skulle hatt meir fagleg støtte i arbeidet dei gjer etter tilråding frå logoped.

#### *5. Teikn på god praksis: Det syner att i planverk at barnehagen jobbar med språksatsing*

God praksis:

I årsplanen står det om korleis barnehagen arbeider med dei sju fagområda i rammeplanen, og at barnehagen har valt ut *kommunikasjon, språk og tekst* som satsingsområde. Målet om at barnehagen skal styrke språket til barna samsvarer med målet for denne vurderinga. Den lokale planen for arbeid med rammeplanen seier mykje om kva for språkutvikling ein ønsker og legg til rette for.

Dei tilsette arbeidar med årsplanen på planleggingsdagar, og ein gjer tilpasning på årshjulet for å passe dei ulike avdelingane.

Praksis som kan bli betre:

Som leiinga sjølv seier, er språkutvikling tema i både årsplan og lokal plan for fagområda, men det kjem ikkje så godt fram at dette er eit særleg satsningsområde for barnehagen. Utviklingstemaet kan med fordel få større plass i årsplanen.

Lokal plan for fagområda vart utarbeida i barnehagen då rammeplanen var ny. Planen inneheld to konkrete eventyr som barnehagen skal jobbe med. Ingen andre rim, regler, bøker eller songar er konkretisert. Sjølv om denne planen legg opp til valfridom i akkurat dette, kan det skape meir felles medvit om ein gjev fleire konkrete døme i planen.

I månadsplanane finn vi nokre få døme på kva for bøker som skal nyttast. Dersom ein ønsker at foreldre skal medverke i språkutviklinga til barna, er det fint om foreldra får meir informasjon om kva songar, rim, regler, forteljingar eller bøker som skal verte nytta den neste månaden. Gjerne saman med tekst og lenkar til songar. Foreldra



seier også at dette vil gjere det enklare for foreldra å støtte barna i samtalane dei har om kva dei har gjort i barnehagen.

## 7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Refleksjonsspørsmål
Barn	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis kan arbeid omkring språk verte visualisert på Soria Moria?</li> <li>- Korleis kan ein legge til rette for ein samanheng og kontinuitet i språkstøtta ein gjev barna som er fleispråklege i overgang frå avdeling til avdeling, og over til skulen?</li> <li>- Korleis gruppere barna slik at barna får ei felles omgrepspakke gjennom felles opplevingar, og korleis gruppere slik at omgrepspakken vert tatt vidare til leikegrupper?</li> <li>- Kva tenkjer de rundt barns medverknad når de legg månadsplanar og andre planar?</li> </ul>
Tilsette	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis tenkjer de rundt tekstspråket i val av bøker?</li> <li>- Kva tenker de rundt bruken av nynorsk/bokmål i tekstar, songar, rim og regler som vert nytta i barnehagen?</li> <li>- Korleis kan dei tilsette spele vidare på dei ulike dialektane som vert nytta i barnehagen?</li> <li>- Korleis kan ein bruke lokale ord og uttrykk til å arbeide med språkleg mangfald?</li> <li>- Kva for songar, bøker, rim, regler m.m ønsker de at alle barn som har gått i Brekke barnehage skal kjenne til?</li> </ul>
Barnehage	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis kan barnehagen bli meir bevisst kva bøker, songar, rim og regler barna skal få kjennskap til?</li> <li>- Kva betydning vil det ha for språkutvikling om pedagogane er med på foreldremøta?</li> <li>- Korleis kan barnehagen utnytte dei fysiske romma dei har til språkstimulering?</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis sikre at barnehagen har fagkompetanse i språkutvikling, særleg med tanke på fleirspråklege barn?</li> <li>- Korleis kan barnehagen utarbeide eit planverk som gjev tydeleg retning i utviklingsarbeidet sitt?</li> </ul>
Foreldra	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis legge til rette for betre samarbeid og medverknad med foreldra?</li> <li>- Korleis legge til rette for at foreldra får høve til å følge opp arbeidet som barnehagen gjer med språkutvikling?</li> <li>- Korleis kan ein gje foreldra meir kompetanse om språkutvikling?</li> <li>- Korleis kan barnehagen betre utnytte den fleirspråklege ressursen ein har i foreldregruppa?</li> </ul>

## 8. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato:

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Hospitant Oppvekst og utdanning i HAFS



# Vedlegg:

## Deltakarar i vurderinga

Interne: Barnehagetilsette, leiar, barn og foreldre.

Eksterne: Vurderarar: Sidsel Anita E. Itland, Holmedal barnehage, Gøril Fristad, HAFS oppvekst og hospitant Siv Anita Gudvangen, Olderdalen barnehage.

## Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

## Tidsplan

Veke 37: Oppstartsmøte med heile personalet og utviklingsretteleiar

Veke 40: Barnehagen sender utkast/start framtidsbilete

Veke 40-45: Vurderarar blir koplå på og gjev tilbakemelding på utkast framtidsbilete

Veke 45: Vurderarane møter barnehagen

Arbeid med framtidsbilete

Styrar sender relevante dokument (IKT-plan, årsplanar ol.) til vurderarane

Veke 46: Barnehagen godkjenner framtidsbilete

Vurderarane sender over innbyding til foreldremøte. Barnehagen sender ut innbydinga saman med framtidsbilete.

Barnehagen inviterer også tilsette, foreldreutval/samarbeidsutval, PPT? og kommunalsjef til presentasjon av rapport siste vurderingsdag

Veke 47: Vurderarane utarbeidar samtaleguidar med grunnlag i framtidsbilete

Styrar sender desse tekstane til vurderarane (skal limast inn i rapporten):

- Presentasjon av barnehagen
- Bakgrunn for val av vurderingstema

Veke 48: **Vurderingsveka**

*Måndag:*

*Observasjon*

*Samtale med tilsette (eininga set saman og lagar plan ut frå hensiktsmessig gruppestørrelse (maks tre) og timeplan)*

*Foreldremøte kl. 18 (Eininga inviterer inn)*

*Tysdag:*

*Observasjon*

*Samtale med barn (eininga lagar plan)*

*Samtale med tilsette*

*Onsdag:*

*Observasjon*

*Samtale med leiang*

*Start på skriving av rapport*

*Torsdag:*

*08.00- 14.30      Skriving av rapport*

*14.30              Førebels rapport levert til leiar for gjennomlesing*

*15.30              Gjennomgang av rapport med leiar*

*16.30-              Presentasjon av rapport for alle tilsette, foreldreutval/samarbeidsutval, PPT? og kommunalsjef*

## Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

### Ståstadsanalyse

Verktøyet er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og er eit prosess- og refleksjonsverktøy som skal sette i gang utvikling og forbetring på den einkilde barnehagen. Analysen vert nytta for å velje ut tema for vurderinga.

### Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

### Påstandsskjema

### Observasjon

### Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

### Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

## Samtaleguidar og skjema

### 1. Samtaleguide tilsette

<b>Kvalitetsmål; Barna opplever språkleg mangfald i barnehagen</b>	
<i>Barna opplever gode samtalar i leik og aktivitet;</i> <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis legg de opp til at barna skal oppleve gode samtalar?</li><li>- Kva for leik og aktivitet fremjar gode samtalar?</li></ul>	
<i>Barna opplever humor og glede gjennom språket;</i> <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis legg de opp til at barna skal få oppleve humor og glede gjennom språket?</li></ul>	
<i>Barna syner respekt for andre som snakkar, meistrer turtaking og lyttar til andre;</i> <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis legg de opp til respekt for andre som snakkar?</li><li>- Korleis arbeider de med turtaking?</li><li>- Korleis arbeider de med at barna skal bli gode lyttarar?</li></ul>	
<i>Barna brukar språket i konfliktløsning;</i> <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis arbeider de med å bruke språket i konfliktløsning?</li></ul>	

**Kvalitetsmål; Tilsette er språkleg aktive, allsidige og engasjerte**

<p><i>Tilsette brukar ord og uttrykk aktivt i alle situasjonar, set ord på det vi gjer, ser og tenkjer;</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis arbeider de med å bruke ord og uttrykk aktivt?</li><li>- Korleis er de oppmerksom på det non-verbale?</li></ul>	
<p><i>Tilsette brukar bøker, forteljing, song, rim og regler dagleg;</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis arbeider de med dette?</li><li>- Har de ein (felles) plan for kva som skal brukast?</li></ul>	
<p><i>Tilsette brukar konkretar som språkleg støtte;</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Gje døme</li></ul>	
<p><i>Tilsette støttar og rettleiar i konflikstar;</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis støttar og rettleier de i konflikstar?</li></ul>	

**Kvalitetsmål; Barnehagen legg til rette for språkleg mangfald, språkstimulering og oppfølging (eksternt og internt)**

<p><i>Barnehagen er open for språkleg mangfald, med tanke på tilsetjing, språkpraksis osv.;</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis legg barnehagen til rette for dette?</li><li>- Kva tenkjer de som tilsette om dette?</li></ul>	
<p><i>Barnehagen legg til rette for kompetanseheving;</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis legg ein til rette for kompetanseheving innanfor dette temaet?</li><li>- Får de den kompetansehevinga de treng?</li></ul>	
<p><i>Det syner att i planverk at barnehagen jobbar med språksatsing;</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis arbeidar barnehagen med språksatsing?</li><li>- Korleis syns det i planverket?</li></ul>	
<p><i>Barnehagen samarbeider med eksterne instansar;</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Kven samarbeider barnehagen med?</li><li>- Korleis fungerer dette samarbeidet?</li></ul>	

**Kvalitetsmål; Foreldra opplever at språket blir tatt på alvor i barnehagen**

<p><i>Barnas språkutvikling er tema på foreldremøte og foreldresamtalar;</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis har foreldra blitt informert om at barnehagen arbeider med dette utviklingstemaet?</li> <li>- Har det vore tema på foreldremøte og utviklingssamtaler?</li> </ul>	
<p><i>Foreldre og tilsette samarbeider i arbeidet med språkleg mangfald;</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva legg foreldra i omgrepet «språkleg mangfald»?</li> <li>- Kva innspel har foreldra kome med i forhold til språkleg mangfald?</li> <li>- Korleis medverkar foreldra i språkutviklinga til barna?</li> </ul>	
<p><i>Dersom foreldre eller barnehagen er bekymra for barnets språkutvikling, blir dette løfta vidare til eit eventuelt samarbeid med eksternt hjelpeapparat;</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis kan foreldre melde frå om bekymring?</li> <li>- Korleis får foreldra kjennskap til kva barnehagen er bekymra for?</li> <li>- Kva skjer når ein av partane (eller begge) har kome med ei bekymring?</li> <li>- Korleis jobbar barnehagen vidare med dette?</li> </ul>	

## 2. Samtaleguide for barn

Innleiing; Kven vi er og kvifor vi er her.

Vi tenkjer at de ungane kan hjelpe oss med å finne ut av det, vil du hjelpe oss?

1. Kva er fint med barnehagen din?
2. Kva snakkar de om når de leikar?
3. Kva likar du best å snakke om?
4. Korleis tullar de med orda her i barnehagen?
5. Kva likar du best, å fortelje sjølv eller å høyre på dei andre ungane?
6. Kva gjer ungane når dei er ueinige eller sinte på kvarandre?
7. Kva slags ord brukar dei?
8. Kva gjer de dersom det er mange som vil snakke på ein gang?
9. Kva snakkar dei vaksne om når dei er ilag med ungane?
10. Kor mange rim og regler kan du?
11. Er det nokre bøker du likar best?
12. Er dei vaksne gode på å fortelje historier?
13. Kva fortel dei då?
14. Kva har dei vaksne med seg når dei skal fortelje om noko?
15. Har du lært nokon nye ord av ein vaksen?
16. Kva for eit ord?
17. Korleis hjelper dei vaksne til når ungane er ueinige eller sinte på kvarandre?
18. Kor mange språk kan du?

### 3. Samtaleguide/spørsmål til foreldremøtet

<b>Kvalitetsmål; Foreldre opplever at språket blir tatt på alvor i barnehagen</b>	
Barnas språkutvikling er tema på foreldremøte og foreldresamtalar; <ul style="list-style-type: none"><li>- Kor ofte og korleis vert dette temaet tatt opp?</li><li>- Korleis får du medverke til kva barnehagen skal legge vekt på i forhold til ditt barns språkutvikling?</li></ul>	
Foreldre og tilsette samarbeider i arbeidet med språkleg mangfald; <ul style="list-style-type: none"><li>- Kva legg de i omgrepet «språkleg mangfald»??</li><li>- Kva tenkjer de er dei viktigaste innspel foreldre kan kome med i den samanheng?</li></ul>	
Dersom foreldre eller barnehagen er bekymra for barnets språkutvikling, blir dette løfta vidare til eit eventuelt samarbeid med eksternt hjelpeapparat; <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis kan foreldre melde frå om bekymring?</li><li>- Korleis får foreldre kjennskap til kva barnehagen er bekymra for?</li><li>- Kva skjer når ein av partane (eller begge) har kome med ei bekymring?</li><li>- Korleis jobbar barnehagen vidare med dette?</li></ul>	

<b>Kvalitetsmål; Barna opplever språkleg mangfald i barnehagen</b>	
Barna syner respekt for andre som snakkar, meistrer turtaking og lytter til andre <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis støttar heimen opp under dette?</li></ul>	
Barna brukar språket i konfliktløsning <ul style="list-style-type: none"><li>- Opplever de at barna tar med seg nye ferdigheter heim? Gje gjerne døme.</li></ul>	

<b>Kvalitetsmål; Tilsette er språkleg aktive, allsidige og engasjerte</b>	
Tilsette brukar bøker, forteljing, song, rim og regler dagleg <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis ser/høyrer de dette heime?</li></ul>	
Tilsette støttar og rettleiar i konfliktar <ul style="list-style-type: none"><li>- Har dette vore tema i dei ulike samtalan mellom barnehage og heim?</li></ul>	



<b>Kvalitetsmål; Barnehagen legg til rette for språkleg mangfald, språkstimulering og oppfølging (eksternt og internt)</b>	
Barnehagen er open for språkleg mangfald, med tanke på tilsetjing, språkpraksis osv. - Kva tenkjer de foreldre om dette?	
Barnehagen legg til rette for kompetanseheving - Veit de om barnehagen gjer dette?	
Det syner att i planverk at barnehagen jobbar med språksatsing - Korleis får foreldra innsyn i planane til barnehagen?	
Barnehagen samarbeider med eksterne instansar - Dersom de har vore aktuelt, korleis har de som foreldre opplevd dette samarbeidet?	

#### 4. Observasjonsskjema

<b>Barna opplever språkleg mangfald i barnehagen</b>	
Barna opplever <b>gode samtalar</b> i leik og aktivitet	Barna opplever <b>humor og glede</b> gjennom språket
Barna syner <b>respekt</b> for andre som snakkar, meistrer <b>turtaking</b> og <b>lytter</b> til andre	Barna brukar språk i <b>konfliktløysing</b>
<b>Tilsette er språkleg aktive, allsidige og engasjerte</b>	
Tilsette brukar <b>ord og uttrykk aktivt</b> i alle situasjonar, set ord på det vi gjer, ser og tenkjer (obs på det <b>non-verbale</b> )	Tilsette brukar <b>bøker, forteljning, song, rim og regler</b> dagleg
Tilsette brukar <b>konkretar</b> som språkleg støtte	Tilsette er <b>språklege førebilete</b>
Tilsette støttar og rettleier i <b>konflikter</b>	
<b>Barnehagen legg til rette for språkleg mangfald, språkstimulering og oppfølging (internt og eksternt)</b>	
Barnehagen er <b>open for</b> språkleg mangfald, med tanke på tilsetjing, språkpraksis osv.	Barnehagen legg til rette for <b>kompetanseheving</b>
Barnehagen <b>set av tid, rom og ressursar</b> til språkstimulering	Barnehagen samarbeider med <b>eksterne instansar</b>
Det syner att i <b>planverk</b> at barnehagen jobbar med språksatsing	

<b>Foreldre opplever at språket blir tatt på alvor i barnehagen</b>	
Barnas språkutvikling er tema på <b>foreldremøte og foreldresamtaler</b>	<b>Foreldre og tilsette samarbeider</b> i arbeidet med språkleg mangfald
Dersom foreldre eller barnehagen er bekymra for barnets språkutvikling, blir dette <b>løfta vidare</b> til eit eventuelt samarbeid med eksternt hjelpeapparat	